

INFORMASJON

Eit magasin frå Eidfjord kommune 1 | 2023 | Årgang 24

EIDFJORD NYTT

Opning av dagsturhytta Aokanbu

Eidfjord næringspris

Eidfjord Turlag

Ordførarkandidatane

Bilete: Anne Kommedal

Ordføraren har ordet

Det siste halvåret har fleire og fleire av oss vorte kjend med tenester som Chat GPT, My AI og andre tenester som kan produsera både tekst og bilete som ser ut som det er oss menneske som har produsert. På få sekund får me opp ein tekst eller eit bilete med utgangspunkt i stikkord, eller setningar me skriv inn. På universitet har slike verktyg vorte tekne i bruk, både av studentar til å utforma svar på oppgåver, og av lærarane til å retta dei.

Eg spurde Chat GPT om gode forslag til tekst til Eidfjordnytt her om dagen, det var ei interessant oppleving. Eg vart anbefalt å ta utgangspunkt i tema som kultur, utdanning, helse og infrastruktur. Vidare at me bør arbeida for betre vegar, kollektivtransport og annan infrastruktur, slik at Eidfjord kommune vert ein attraktiv plass å bu og besøka.

Med godt mot spurte eg My AI, ei liknande teneste på Snapchat om den kunne teksten til Eidfjordsongen. Svaret kom på få sekund, og fyrste verset var slik:

«Eidfjord, du perle i Hardanger,

Med fossen og fjell og fjord,

Du bygd med dei vide vidder,

Kor hjarta lett kan slå.»

Eit godt forsøk tenkte eg med eit smil om munnen, før eg sendte teksten til

Ulvikaordføraren og spurte om det var greitt at me tok i bruk «perla i Hardanger», eit utsegn som Ulvik har varemerkebeskytta. Han tok det sjølvsgagt med godt humør og ein kjapp replikk kom fort attende.

Det har vore ei rivande utvikling på kunstig intelligens. Veldig forenkla har eg vorte forklart at desse teknologiane tek utgangspunkt i den informasjonen den har tilgjengeleg. Så set programvara saman eit svar basert på modellar og strukturar den har vorte koda med eller strukturert sjølv gjennom maskinlæring.

Basert på tilgjengeleg informasjon på internett er det kanskje ikkje så rart at Chat GPT føreslår kultur, utdanning og infrastruktur når eg spurte om tips der. Dei aller fleste kommunale planar har element av slike mål. Og me ynskjer jo alle å skapa ein attraktiv plass å bu og besøka.

Når ein prøver å få meir konkrete svar vart det verre, Snap sin versjon av Eidfjordsongen vart fri dikting. Utan å kunna setja det ein vert presentert av informasjon inn i ein samanheng, er det vorte mykje vanskelegare å skilja mellom rette svar frå fri dikting.

Eg og dei som er eldre enn meg, vaks ikkje opp med den enorme informasjonstilgangen som me opplever i dag. Me hadde bøker, leksikon og biblioteket og forhalda oss til. Informasjonen var då kvalitetssikra på eit eller anna nivå. My AI og Chat GPT gjer oss rett nok merksame på at feil førekjem. Riktig eller feilaktig informasjon vert likevel presentert for oss brukarar på same måte, me må sjølv sjå kva som er rett og feilaktig.

For 20 år sidan slo eg til på eit studenttilbod på fysisk utgåve av Store norske leksikon. Då hadde eg alt gjennomført 30 studiepoeng, tilsvarande eit halvt års studium i IT, men syns likevel det var ein god ide å bruka pengar på eit samla oppslagsverk. Eg brukte det aldri, og no er det kasta. Alt er jo meir oppdatert og tilgjengeleg på internett.

Så korleis skal det gå me oss som ikkje har vakse opp med det store internettet og alle informasjonskanalar me har i dag? Det kjem til å gå bra. Eg er heilt sikker på at dei oppveksande generasjonar kjem til å handtera dette på ein god måte, med god hjelp frå det dei lærer i barnehagen og skulen her i Eidfjord. Så får me andre gå til ungdommen når me vert usikre, og lære litt av dei om kjeldekritikk og anna.

God sommar!

Anders Vatle
-ordførar-



Ordførar Anders Vatle



Bilete: Bergljot Maria Veivåg Hauso

Innhald

- | | | | |
|----|--------------------------------------------------------------------------|----|------------------------------------------------|
| 4 | Intervju med ny rådmann i Eidfjord kommune | 18 | 17. mai i Eidfjord 2023 |
| 6 | Opning av dagsturhytta Aokanbu | 20 | Frå flyktingtenesta |
| 8 | Book Hardanger sin nye sjef | 24 | Robotar og piggsvin |
| 9 | Om nødvarel: Informasjon til inbyggjarane i Eidfjord kommune | 25 | Lægreid skule – minneord i kyrkja |
| 10 | Påskén i Sysendalen | 26 | Eidfjord ungdomsråd 2023 |
| 11 | Omstillingsprosjekt reiseliv 2023–2025 i Ulvik herad og Eidfjord kommune | 27 | Evjo Aktivitetssenter |
| 12 | Utstillinger i Galleri N. Bergslien sommar og haust 2023 | 28 | Strikkeglede |
| 14 | Opning for bygging i Øvre Eidfjord | 29 | Nytilsetjingar i kommunen sidan 1. januar 2023 |
| 15 | Tilskot til enøk-tiltak | 30 | Farge og funksjon – oppussing i tredje etasje |
| 16 | Rusfri russefeiring i Kinsarvik 16. mai | 31 | Snart klart for sommarles.no! |
| 17 | Eidfjord næringspris | 32 | Bidrag frå Eidfjord Turlag |
| | | 34 | Val 2023 |

EidfjordNytt

vert utgjeven av
Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Heimeside:

www.eidfjord.kommune.no
Tlf: 53 67 35 00

Epost:

postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd:

Eidfjord kommune

Grafisk Produksjon:

Aksell



Intervju med ny rådmann i Eidfjord kommune

Magnus Steigedal starta som rådmann i Eidfjord kommune 2.1.2023. Magnus er 43 år og busett på Lofthus i Ullensvang kommune med kone og 3 barn. Han er opphavleg frå Svene i Flesberg kommune, rett nord for Kongsberg. Før han kom til Eidfjord var han direktør ved Vegtilsynet på Voss. Han har også vore assisterande rådmann i Ullensvang kommune, og rådmann og økonomisjef i Ullensvang herad.

Tekst: Reidar Meel

Kvifor vil du vera rådmann i Eidfjord kommune?

Eg har tidlegare jobba i kommunal sektor, og likt meg godt. Eg likar blandinga av politikk, administrasjon og samfunnsutvikling. Rolla som rådmann inneber at du får jobba med drift og utvikling av lokalsamfunn. Det er stor variasjon i arbeidsoppgåvene. Alt som skjer i ein kommune er spennande og interessant. Må lika variasjon for å vera rådmann. Må kunne sjå og analysa behova ut frå kva ein kan få gjennomført med dei ressursane ein har tilgjengeleg.

Kva er dei viktigaste oppgåvene til ein rådmann?

Det aller viktigaste er å følgja den retninga dei folkevalde peikar ut gjennom dei vedtaka kommunestyret fattar. Min jobb vert å sørge for at alle tilsette i kommunen jobbar for det. Tilsette må jobba til det beste for innbyggjarane. Me må saman jobba for ei god drift av tenestene, samstundes som det er viktig at me har tid og moglegheit til tenke på vidareutvikling av kommunen.

Kva er dine inntrykk av Eidfjord kommune etter 5-6 månader i jobben?

Mitt inntrykk er at det er ein kommune der det skjer mykje ut frå kommunestorleiken. Det er mange engasjerte innbyggjarar. Eidfjord har heile spennet mellom cruisetraffikk og hyttebygging. Frå fjord til fjell om du vil. Det er mange som vil mykje gjennom dei kommunale vedtaka som vert fatta. Folk har ulike roller, både som innbyggjarar, folkevalde og tilsette.

Og det er mange som vil mykje i framtida gjennom kommuneplan/arealplan. Alt dette må avstemmast i høve ressursar og i høve til lover og reglar. Korleis kan me gjennomføra det?

Elles har Eidfjord ein stor fordel med at alle tenestene er samla. Me har ein skule, ein barnehage og ein bygdaheim. Det meste av fritids- og servicetilbod finn ein innanfor sentrumsområdet.

Kva meiner du er dei største utfordringane for kommunen framover?

Ei av dei største utfordringane vert å halda på kraftinntektene lokalt. Naturressursane har gjeve Eidfjord kommune gode kraftinntekter og eigeidomsatt. Dette må nok dei folkevalde jobba politisk for å behalda. Elles vil det vera ei utfordring å gjennomføra alt som er vedteke. Me må ta innover oss at rekruttering og knappheit på menneskelege ressursar er ei utfordring for heile landet. Me slit med rekruttering innanfor helse, skule, barnehage. Vidare vil det vera utfordrande å få ei positiv utvikling av arbeidsplassar og næringsutvikling. Ikkje minst ta vare på eksisterande arbeidsplassar, og trekkje til seg ny verksemd. Strategisk næringsplan vert eit viktig verkty i framtida.

Kva mål har du sett deg for jobben som rådmann?

Målet mitt no er å bli kjend med organisasjonen. Eg må sjå moglegheitene. Målet mitt er å vidareutvikla organisasjonen. Me må i fellesskap bli god på drift og utvikling

av kommunen. Eidfjord er ein kommune med god økonomi pr i dag. Målet er å planlegga for langsiktig drift av tenestene. Eg må bidra til at me fangar opp ressursmangel og rekrutteringsbehov. Eg ynskjer å bidra til at me er ein ja-kommune innanfor dei rammene ein kommune har, samstundes som me tek vare på klima, miljø og berekraft. Me skal yta gode tenester og god service, samtidig som me skal forvalta lover og reglar i sakshandsaminga vår. Det kan ofte vera ein vanskeleg balansegang.

Kva gjer Magnus når han ikkje er på jobb?

Då er eg saman med familien som er det viktigaste for meg. Med kone og 3 born tek dette sjølvstekt mesteparten av tida. Elles likar eg å trenar kvar dag. Styrketrening, fotball eller sykling er Magnus glad i.

Korleis er det å kombinera familie med ein leiarjobb?

Eg har kombinert leiarrolle med familie tidlegare. Så eg har litt erfaring med det. Til tider kan det vera ei tidsklemme.

Magnus sine 5 favorittar

Øl eller vin: Pepsi max!

Fjord eller fjell: Fjord om sommaren og fjell om vinteren

Sommar eller vinter: Sommar

Hage eller sofa: Hage

Poesi eller stand-up: Stand-up



Foto: Privat

Viktig å finna ein god balanse mellom arbeid og fritid. Viktig å kopla av. Eg koplest best av når eg trenar eller leikar med ungene. Eg får ofte gode idear til løysingar når eg er ute og trenar.

Kva hobbyar/interesser har du?

Det vert nok likt med det eg brukar fritida mi til. Tid med familien. Fotball og sykling om sommaren. Ski og alpint om vinteren. Elles er det kjekt med turar i skog og mark når det passar.

Journalisten har vore i kontakt med anonyme kjelder i Ullensvang kommune som

fortel at Magnus er ein ivrig mann i treningsstudio. Han likar godt å løfta vekter, og halda seg i form slik. Den anonyme kjelda kan også fortelja at Magnus er med på eit Old-boys lag i Ullensvang. Magnus si rolle på laget er å vera «libero». Liberoen spelar i forsvaret, og er ein samlande figur der. Ofte er det ein «frispelar» på laget, som nyttar sjansen til å forlata forsvaret for å gå i angrep, og gjerne putta på eit mål eller to. Ein av historias mest kjende liberoar var «Kaizer» Frans Beckenbauer på Bayern Munchen og Vest-Tyskland (1970-80 talet).

Var det aldri aktuelt å starta med ski-hopping?

(Svene har jo verdsmeister ski-hopping i storbakke 1985 v/Per Bergerud)

Nei, eg har høgdeskrekk så det var aldri aktuelt. Jordnær fotballspeling er mi greie.

Kva er favorittlaget ditt i England?

Tottenham Hotspurs er favorittlaget mitt i England. Ein av storklubbane i London.

Kvar går ferieturen din viss du fekk velja på øvste hylla?

Kroatia er eit land eg gjerne vil reisa til. Det er eit land med mange fine kvalitetar. Det er også ein draum å reisa til USA, gjerne ein 3-vekers tur med bil gjennom USA ville ha vore ei oppleving!

Viss du var statsminister for ein dag: Kva ville du ha forandra på?

Då vil eg ha utbetra RV 7 og RV 13 fullt ut. Eg ville ha freda alle naturressursinntekter for framtida. (Politisk korrekt altså!)

Korleis ser Eidfjord ut om 10 år?

Då har me over fleire år jobba aktivt opp mot nyetableringar og god koordinering inn mot eksisterande næringsliv. Eit langt perspektiv på næringsaktivitet er viktig, då nyetableringar av ein viss storleik og stabilitet tek tid å få på plass. I dei kommunale tenestene har me truleg like god fokus på kvalitet og tilgjengelegheit som me har høve til å ha i dag. Det samla utviklingsbiletet for kommunen vil definere korleis det ser ut om 10 år. Me har framleis gode inntekter frå kraft, eigedomsskatt og hamneverksemda. Og me har klart å stabilisere/auke folketalet.

Me har endra alderssamansetninga frå slik den er i dag, og me handterer det i høve til rekruttering og tenestetilbodet i kommunen.



Foto: Bergljot Maria Veivåg Hauso

Opning av dagsturhytta Aokanbu

3. mai var det endeleg klart for opning av dagsturhytta Aokanbu. Været var på vår side og bygda glitra av sol og nytsprungne bjørker. Det var mange som gleda seg til dagen, nokon var spente og nokon var slitne. Siste tida før opninga var det mange som stod på både seint og tidleg for å koma i havn.

Tekst: Bergljot Maria Veivåg Hauso



Foto: Heidi Herstad Prestegård

Allereie i starten av stien dukka det opp varselkilt som bad oss om å snu, vidare opp møtte me på fleire skilt som varsla fare for troll. Skulen tok seg ein matbit i gapahuken og vurderte om dei skulle tora å gå vidare. Men borna på Læg Reid skule let seg ikkje skremma av troll så dei traska vidare oppover. På vegen møtte dei Askeladden som tok dei med seg opp i trollskogen der stien vart smalare. I ei trerot stod det ei trollkjerring som hadde sett fast nasa si, men heldigvis kom ho seg laus og kunne losa borna vidare. Ved bekken satt huldra og song, ho var veldig fin, nesten magisk. Plutseleg stod det på eit skilt at no var det for seint å snu, skulle dei våga seg vidare? Nei no var dei jo invitert på opningsfest så dei kunne jo ikkje stoppa her. På stien dukka det no opp ei lita bru og der hoppa trollet fram!

Han var litt skummel og det var fleire som skreik. Men du skremmer ikkje eidfjordingar så lett! Alle saman kom seg velberga forbi trollet og tok fatt på siste delen opp til hytta.

Ved hytta samla det seg etter kvart veldig mange, heile skulen, førskulegruppa frå barnehagen, mange av dei som hadde arbeida med å få hytta klar til opning, turlaget, strikkejengen og mange fleire. Hytta fekk flotte sitteunderlag som tidlegare har vore på strikketrea, desse ligg i hytta slik at alle kan nytta dei. Anne Kommedal, leiar i Eidfjord turlag heldt opningstale og fortalde om kvifor dagsturhyttene var etablert og at du nok kan finne dei i store deler av Sør-Noreg.

Gunnar, Johan, Kamil, Jan Arne, Juri, Yevhenii, Thomas og Arne fekk sitteunderlag og turkopp som takk for stor innsats med å få hytta og stien klar. Så no har dei høve til å ta seg ein kvil i bakken neste gong dei skal til Aokanbu. Grunneigarane Britt Madli, Anders, Liv Sigrid og Borgar fekk eit pikniksett med epleaft frå Hardangergutane og



Foto: Heidi Herstad Prestegård

sjokolade frå Fjåk, kanskje dei vil ta seg ein tur på Aokanbu på piknik?

Til slutt var det tid for høgtidleg snorklipp. Liv Sigrid og Borgar klapte snora med litt assistanse frå pappa Anders som etter kvart har fått litt trening. Og Aokanbu var endeleg opna for alle!

No håper me at alle vil kosa seg med hytta, for som de høyrer på navnet så er det «aokan» hytta, alle saman si. Hjarteleg velkomen!



Foto: Bergljot Maria Veivåg Hauso

Velkomen til Aokanbu

Her er nokon reglar for bruk av hytta:

Dagsturhytta er gratis tilgjengeleg for alle døgnet og året rundt. Målet med hytta er å stimulera til turglede og friluftsliv. Dagsturhytta er di! Bruk hytta inne, ute, og så ofte du vil. Hugs at det også er alle andre si hytte, så respekter at andre kan bruke hytta mens du er der; og forlat hytta slik du vil finne den sjølv.

- Hytta er open for alle
- Det er ikkje lov å overnatta i hytta
- Ta med ved til eigen bruk og hugs fyrstikker. Ved du ikkje bruker opp kan du leggja igjen i boden. Det er difor eit lite reservelager der som kan nyttast ved behov
- Kos deg med bøkene i nynorsk turbibliotek når du er på hytta
- Hytta har toalett
- Ta med søppelet ditt frå hytta. Det er søppeldunk nede ved vegen
- Bålbrenning skal berre føregå i bålpanna. I periodar med tørt terreng vil det vera forbod mot bålbrenning. Syt for at bålet er sløkt før du forlet staden. Du finn gnistfangar og grillrist i vedboden
- Det er varierende vatn i bekken ved hytta. Ta med vatn om naudsynt
- Ta av våte kle og sko på utsida av hytta
- Hundar skal ikkje inn i hytta
- Rydd etter deg slik at det er triveleg for nestemann
- Skriv i hytteboka, denne finn du ved ytterdøra merka med skilt

Eidfjord turlag har tilsyn av hytta og har sitt utstyr lagra i den eine boden. Er det skadar eller manglar du vil melde frå om ta kontakt med Eidfjord kommune så snart som råd.

Book Hardanger sin nye sjef

Head of Product Management hjå Norway's best, Alexander Hillerich vert sjef for det nye bookingselskapet i Hardanger.

Alexander har leiarerfaring frå reiselivsbransjen, og jobbar i dag i Norway's best med utvikling og kommersialisering av reiselivsprodukt.

Han har også erfaring med digitalt sal og distribusjon mot nasjonale og globale turistmarknader.

Hillerich tiltrer i stillinga som direktør for Book Hardanger 1. april 2023.

– At lokale næringsaktørar, kommunar og den nasjonale reiselivsaktøren Fjord Tours no satsar saman om å auka verdiskapinga i reiselivsrelaterte verksemdar i Hardanger, er svært spennande. At ein vil satsa på kommersielt sal på digitale plattformer og forbetra transport- og mobilitetsløyser som kan gjera det enklare å oppleve Hardanger, er veldig framtidretta, kommenterer Hillerich.

– Alexander Hillerich har ein svært relevant kompetanse og erfaring frå reiselivsnæringa. Han er internasjonalt orientert og evnar å sjå Hardanger frå utsida. Samtidig kjenner han regionen gjennom arbeidet

med å kommersialisere siderbåten saman med The Fjords attende i 2020. Han er rett person for å auka etterspurnaden frå norske og internasjonale turistar, og i tett samspel med lokale krefter, bidra til å etablera Hardanger som eit berekraftig, heilårs reisemål, seier styreleiar Oddvar Brakestad i Book Hardanger

Alexander er 42 år, er fødd og oppvaksen i Tyskland, men bur no med familien sin på Voss, der han mellom anna er engasjert i Voss Fallskjermklubb og i Ekstremспортveko. Han har ein MBA i General Management og offisersutdanning som fallskjermjeger. Han har også jobba som Program Manager i Kongsberg Defence & Aerospace.

– Eg er fasinert av den vakre naturen til regionen og kulturopplevingane. Det er imponerende korleis reiselivet i regionen har utvikla seg, og eg har verkeleg lyst til å vera med på å utvikla dette vidare. Eg kjem til å ha heile Hardanger som arbeidsstad, og ha kontorstad i Eidfjord, avsluttar Hillerich.

Fakta om Book Hardanger

Lokale reiselivsaktørar, den nasjonale reiselivsaktøren Fjord Tours Group og dei to lokale kommunane Eidfjord og Ulvik gjekk i fjor saman om å etablera eit nytt selskap, Book Hardanger, som skal auka verdiskapinga i reiselivsrelaterte verksemdar gjennom kommersielt sal på digitale plattformer. Selskapet ynskjer også engasjement for produktutvikling og auka transport- og mobilitetsløyser som kan gjere det enklare å oppleve Hardanger, og auka etterspurnaden frå norske og internasjonale ferie- og fritidsreisande. Book Hardanger skal også samarbeide tett med Visit Hardangerfjord for å styrke Hardanger som reisemål.

Aksjonerane i Book Hardanger er: Hardanger Saft og Siderfabrikk, Dyranut Fjellstova, Kjærtveit Camping, Hardangertun Hytter og Familiepark, Fossli Hotel, Garen Camping, Conrad Hansen, Trolltunga Active, Trolltunga Hotel, Hardanger Siderproducentlag, Fjortind Hotels, Norsk Natursenter, i tillegg til Eidfjord kommune, Ulvik herad og Fjord Tours Group.

Kontaktinformasjon

- Alexander Hillerich, adm.dir. i Book Hardanger, telefon 901 87 553
- Oddvar Brakestad, styreleiar i Book Hardanger, 911 67 511
- John Emil Myhre, fungerande administrasjon i Book Hardanger, telefon 406 17 172



Om nødvarese:

Informasjon til innbyggjarane i Eidfjord kommune

Stortinget vil styrkja den sivile beredskapen i Norge. Etablering av nødvarese er eit av tiltaka. Systemet er no klart til å takast i bruk av politiet. Det er testa i nokre deler av landet. 14.juni 2023 var det ein landsomfattande testing i samband med den årlege varslingsprøva for sivilforsvarets anlegg (tyfonanlegg).

Tekst: Reidar Meel / Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)

Kva er nødvarese?

Nødvarese skal brukast til å varsla befolkninga på mobiltelefonen om akutte og alvorlege hendingar som trugar liv og helse. I fredstid er det alltid og kun politiet som sender ut varselet. I krig kan Sivilforsvaret også være avsendar. Nødvarese er eit supplement til dei kanalane som allereie vert nytta for å varsla befolkninga – altså eit tillegg til tyfonvarslingsrutina og til politiets etablerte varslingsrutinar. Eit nødvarese inneheld informasjon om kva som skjer, og kva ein bør gjera for å beskytta seg sjølv.

Nødvarese vert sendt via mobilnetta og ut til alle mobiltelefonar i eit definert område. Dette betyr at både norske og utanlandske mobiltelefonar som er i området, vil motta varselet, enten på norsk eller engelsk. Varselet vert motteke og vist på alle mobiltelefonar som er:

- skrudd på
- kobla til mobilnettet (4G/5G)
- oppdatert med nødvendig programvare

Det er ikke nødvendig å melde seg på, registrera seg eller på annan måte gjera noko for å motta Nødvarese. Teknologien er innebygd i dei fleste moderne mobiltelefonar og må berre aktiverast. Det skjer automatisk når ein oppdaterer til nyare programvareversjonar av Android og iOS.

Kva kan nødvarese brukast til?

Den første tida etter lanseringa kan Nødvarese brukast til å varsla om akutte og alvorlege hendingar som gjeld store deler av landet. Det kan være radioaktivt utslepp, alvorleg terror eller andre ulykkes- og katastrofesituasjonar der befolkninga må varslast raskt. Politiet har, i samarbeid



Dette bør du ha heime: Tenk gjennom kva farar og ulukker som kan ramma deg heime, og førebu deg best mogleg. Dersom straumen blir borte eller du vert isolert av været i fleire dagar, bør du vera rusta til å klara deg sjølv i minst tre døgn.

med relevante myndigheiter, førehandsdefinert meldingar og råd for hendingar på dette nivået. I tillegg kan politiet utforma andre meldingar. Kreteriane for å sende ut eit nødvarese er det same på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå: akutte og alvorlege hendingar som trugar liv og helse. Det er ikkje mogleg å reservera seg mot å få nødvarese. Dette betyr at «alle» som har ein mobiltelefon, også barn, unge og sårbare grupper, kan motta slike varsel. Difor er det også viktig å nå ut med informasjon.

Nødvarese skal før sommeren vera tilgjengeleg til bruk av politiet i alle politidistrikt for lokale og regionale varsel. Løysinga erstattar ikkje andre myndigheiter kanal for informasjon til innbyggjarane, til dømes sms, e-post, nettsider, mm. Det er viktig å understreka at Nødvarese er eit supplement til dagens løysingar for å varsla befolkninga i akutte og alvorlege hendingar som trugar liv og helse. Det vil ikke bli ein informasjonskanal om ikkje-akutte hendelser som for eksempel vegarbeid, strømbrydd eller brydd i vannledning.

Kan andre enn politiet varsele?

Det er mogleg for andre myndigheiter å nytte seg av denne kanalen. Det vil vera i dei tilfella ein annan myndigheitsinstans har primæransvaret for å ta hand om akutte eller alvorlege hendingar. Det er likevel politiet som sender ut varselet, men det er instansen som har primæransvaret som handterer oppfølginga av ei aktuell hending.

Det er viktig for oss at du som innbyggjar er informert!

Det er viktig for oss at du er informert om dette. Informasjon om hendingar som trugar liv og helse har nådd ein ny milepel når det no er mogleg å informera innbyggjarane direkte på mobiltelefonen.

Nødvarese har eiga heimeside og du kan gjera deg kjend med dette tiltaket på:


www.nodvarsel.no

Påskene i Sysendalen

Det var ein strålende fin påske i Sysendalen i år med mykje sol og fantastiske skiløyper på kryss og tvers i dalen. Det må rettast ein stor takk til løypekjørarane for framifrå løyper og oppdateringar på facebook og skisporet.no om løypestatus. Johanna Maria Hereid brukte løypenettet aktivt og deler gjerne nokon glade skibilete frå påskene.



Kleivane i Isdalen.



Løypekryss.



Godt humør i løypa

Omstillingsprosjekt reiseliv 2023–2025 i Ulvik herad og Eidfjord kommune

Etter pandemien fekk Vestland fylkeskommune 3 millionar i statlege omstillingsmidlar. Pandemien har endra reisevanar, marknader og kjøpsvanar. Samla sett utfordrar dette oss til å tenkja nytt, og prosjektet kan bidra til å få i gang tiltak som lyfter reiselivet i dei to kommunane våre.

Tekst og foto: Ingrid Prestegard

Me treng meir stabilitet og fleire arbeidsplassar større delar av året, og vil med det kunna auka busetnaden. Me treng betre tilrettelagde produkt og tilgjenge i marknadane, samt inntening for kvar einskild bedrift.

Hovudmål for prosjektet:

Trygga eksisterande næringsliv og fleire heilårs arbeidsplassar

Delmål:

A. Produktutvikling og fellestiltak for reiselivet haust og vår

B. Betre kollektivtilbod mellom dei to kommunane

C. Felles møteplassar for lokalt næringsliv og reiseliv



Ingrid Prestegard



Litt av garden.

D. Fleire med tilstrekkeleg fagkompetanse

Ei styringsgruppe for prosjektet har det overordna ansvaret. Grappa vert samansett slik:

- ein politisk representant frå kvar kommune
- ein representant for lokalt næringsliv i kvar kommune
- ein representant for kommunal administrasjon i kvar kommune

Ingrid Prestegard er tilsett som prosjektleder i 100% stilling og har sin fyrste dag 1. juni.

Arbeidstida vert fordelt mellom Eidfjord og Ulvik og ho vil ha kontor begge stader.

Ingrid er fødd og oppvaksen på gard i Ulvik. Frå å driva med kyr og litt frukt fram til 1999, omstilte familien seg og planta heile garden med frukttre.

Etter utdanning flytte Ingrid heim i 2005 for å jobba som lærar. Engasjementet for

bygda førte til at ho i 2009 vart lokka inn i reiselivet og har jobba i 10 år med sal og marknadsføring på Brakanes Hotel. Parallelt med dette vart ho også valt inn i Heradstyret og har hatt plass der sidan 2011.

Dei siste 5 åra har ho vore tilsett som administrerende direktør på Brakanes Hotel. I denne perioden vart den vesle kjeda Fjordtind Hotels skapt, der Brakanes Hotel, Vøringfoss Hotel og Hardangerfjord Hotel er med. Ho kjenner også cruiseindustrien godt og har det siste halvanna året arbeidd tett med Marit og gjengen på kaien.

Ingrid kjenner reiselivet og bygdene våre godt, og gler seg storvegs til å koma i gang med jobben.

Det er eit stort prosjekt som ikkje vil ha alle løysingane, men som kan bidra med å realisera dei gode idèane. Me skal tora å ta nokre sjansar og testa ting ut. Kven veit kva det kan bli til?

Galleri N.Bergslien

Opening hours 2023

Day	Hours	Season
Sat. - Sun.	12 am - 4 pm	April 14th - June 16th
Daily	11 am - 5 pm	June 17th - August 20th
Sat. - Sun.	12 am - 4 pm	August 21st - October 9th

Always open between 12 am - 4 pm during cruise calls.



GALLERI N.BERGS LIEN
HILDE KJEPSO
LISE STEINGRIM
JENS FLESJÅ

2023



Utstillingar i Galleri N.Bergslien sommars og haust 2023

21. juni – 20. august Lise Steingrim

24. august – 8. oktober Jens Flesjå

Opningstider:

17.06 – 20.08 Høgsesong ope 11 – 17
dagleg

21.08 – 09.10 Lågsesong ope 12 – 16
laurdag/sundag og ved cruiseskip

Utstillingsopning 21. juni: kunstnar Lise Steingrim

Velkomen til opning 21. juni kl. 18:00. Det vert opningstale ved rådmann Magnus Steigedal og musikalsk innslag ved Anita Bråvoll.

Lise Steingrim er mottakar av Eidfjord kommune sitt kunstnarstipend for 2023. Stipendet er på kr. 40.000. I tillegg får kunstnaren tilbod om opphald i Bergsliskorane og i kunstnarhusværet i Berlin.

Lise Steingrim (f. 1969) er biletkunstnar som jobbar med måleri, ho er busett på Nesodden. Ho er utdanna frå Einar Granum Kunstfagskole (2010) og Statens Kunstakademi i Oslo (2013). Ho har delteke ved ei rekkje separat- og



Den gule blokka - Lise Steingrim



Snøugla - Jens Flesjå

kollektivutstillingar i inn- og utland. Steingrim finn motiv i hus og bygningar. Ho har fokusert mykje på funksjonalismen i etterkrigsåra. Steingrim lagar stemningar, sinnebilete som me som ser på, kan finna gjenklang i. Steingrim studerer arkitekturrens geometriske grunnformer og nyttar måleriet sine verkemiddel som ljøs, skugge og kontraster. Måleria framstår lik som arkitekturen, uten ornament og pynt.

Utstilling frå 24. august: kunstnar Jens Flesjå

Etter å ha vandra i Veigdalen i over 30 år og etter å ha lese mange av Lars Vivelids historier frå Hardangervidda, har Jens Flesjå funne inspirasjon til fleire motiv frå naturen og dyrelivet i området. Her er historier om mennesket i møtet med naturen og forteljingar frå perspektivet til dyra. Jegaren, fangstmannen og hytteverten Vivelid skreiv rundt 10 bøker med sagn og soger og kan på nokre vis seiast å vere Noregs svar på Jack London.

I utstillinga møter du både "Trollbukken" (120 x 140 cm, olje), ein reinsdyrbukk i sin beste alder. Viss du går nærare, oppdager du at bukken har ei stygg rift i høgge øyre... Motivet er inspirert av ei av Lars Vivelids historier om lagnaden til Trollbukken. Du møter også snøuglefamilien frå historia «Ein att av mange», kor unge etter unge

bukker under for naturkreftene – og slik er det berre ein att til slutt.

Jens Flesjå arbeider fra atelieret på Randaberg i Rogaland, kor himmelen er brei og lyset nordisk. Atelieret ligg i ein ombygd låve med store vindauge mot dyrka jord og havet bakanfor.

Felles for maleria og illustrasjonene hans er korleis han undrar seg over verda og naturen. Han gjer dypdykk i det stofflege og i lyset – og forsøker å fange atmosfæren i augneblinken. Bjørnen sin pels, hornet til bukken, ugla si fjær. Korleis lyset spelar i pelsen, horna, fjærdrakta ... Korleis verda blir til gjennom lys.



Trollbukken - Jens Flesjå

Opning for bygging i Øvre Eidfjord

I haust mottok Eidfjord kommune forslag til endring i TEK17 som kunne bety opning for utvikling i Øvre Eidfjord. Eidfjord har Tussafoten som er eit av sju kontinuerlege overvaka fjellparti i Noreg, der fire av desse gjer direktetreff av massar. Eit fjellskred frå Tussafoten vil råka mest heile Øvre Eidfjord gjennom direktetreff av faste massar, samt vil skredet gje ei auka vassføring nedstrøms til Eidfjord.

Det ustabile fjellpartiet Tussafoten kom på radaren til NVE og NGU i 2017 etter analyser av satellittbileter over tid, som syntte større rørsle i massane. Det vart arbeid med døgntinuerleg overvaking som vart fullførte i 2022.

Bakgrunn

Øvre Eidfjord var per haust 2022 under strenge reglar frå TEK17 knytt til det ustabile fjellpartiet. Regelverket la opp til svært avgrensa utbygging i store deler av Øvre Eidfjord. I rundt halvparten av Øvre Eidfjord var det berre opning for etablering av garasjar og uthus. I andre halvdel av Øvre Eidfjord var det opning for etablering av einebustader og bygningar med moderat mengde personal. Desse reglene sette ein stoppar for utvikling i Øvre.

I då gjeldande TEK17 var det ein unntaksbestemmelse for ustabile fjellparti med treff i vatn som ville gje flodbylgja på land. I områder med flodbylgje-problematikk var det opna for utbygging på visse vilkår. Fjellskred-problematikken hadde ikkje dette unntaket, noko me meinte var uheldig.

Spolar me attende til førsommaren i 2022 fekk Eidfjord og Ullensvang kommune



Oversiktsbilete frå Tussafoten mot Øvre Eidfjord. Foto: Arne Bu

moglegheita til å snakka vår felles sak om fjellskred i Kommunal- og diskriktsdepartementet. Det vert fortalt om dei lokale forholda og korleis me lever med skredfare, flaumfare, verneområde, kulturminne og andre restriksjons- og fareområder. Me nytta tida vår godt, og reiste attende til Eidfjord håpande om at dei forstod utfordringa vår; mangel på byggjeland og restriksjonar for eit fjellparti som kan rasa ut ein gang i framtida.

Forskriftsendring TEK 17


I mars 2023 kunne Stortinget annonsera endring i TEK17 til fordel for kommunane

råka av ustabile fjellparti med direktetreff av massar. Endringa i TEK17 §7-4 gjer oss moglegheita til å vidareutvikla Øvre Eidfjord på nokre krav.

For å byggja ut, må arealet vera avklart i arealplan. Arealet skal vera eigna til føremålet og ein må syna til at utbygginga er av samfunnsmessig betydning. Arealplanen må omtala faren frå det ustabila partiet i materiellet knytt til reguleringsplanen. Det er ikkje lov å etablere einingar som er knytt til nasjonal eller regional beredskap eller krisehandtering, til dømes sjukehus.

Området skal ha eit beredskapsverk som seier kva ein skal gjera dersom ein kjem i ein situasjon kor skredet nærmar seg. I samband med dette er det krav om sann-tidsovervaking. Dersom det finnes moglege sikringstiltak, skal desse utredast og gjennomførast.

Me ser på endringa som ein seier, som gjer at me igjen kan inkludera Øvre Eidfjord på teikneblokka for korleis Eidfjord kommune skal utvikla seg vidare. Me lev godt med kontinuerleg overvaking av Tussafoten, og arbeider for tida med eit beredskapssystem som fyrste ledd i prosessen.



Det lause fjellpartiet med Turtnalinuten i bakkant. Foto: Arne Bu

Tilskot til enøk-tiltak

I møte den 13.12.21 vedtok Eidfjord kommunestyret å oppretta «eit fond på 2 millionar til enøk-tiltak i kommunen» og i november i fjor vart reglementet for bruk av fondsmidlane vedteke. Sidan då har kommunen støtta 42 tiltak med tilsaman ca. kr 350 000,-.

Tekst: Timo Knoch

Alle innbyggjarar og næringsdrivande i Eidfjord kommune kan søkja om tilskot til tiltak i eigen heilårsbustad eller næringsbygg. Utleigebustader og fritidsbustader vert ikkje dekkja av denne ordninga, med unntak av fritak for sakshandsamingsgebyr for søknadspliktige deler av solcelleanlegg.

Fondet skal stimulera til gjennomføring av fornuftige energitiltak som ikkje vert omfatta av andre nasjonale tilskotsordningar:

- Isolering av yttertak og tak mot kaldt loft

- Isolering av golv mot grunn, kald kjeller eller liknande
- Isolering av yttervegg
- Luft-til vatn varmpumpe
- Luft-til-luft varmpumpe
- Avtrekksvarmpumpe
- Lavenergivindauge og dører
- Reintbrennande vedovn

Etter eit halvt år med eit mangfald av søknader og dialog med tiltakshavarar har kommunen gjort seg nokre erfaringar som vil gje utslag i revisjon av reglementet

i haust. Har du kommentarar eller innspel? Ta kontakt! Kontaktinfo, det gjeldande reglementet og søknadsskjemaet finn du på lenken i denne QR-koden!



No kan du søkja om sosialhjelp digitalt

Du kan no søkja om sosialhjelp digitalt i kommunen vår. Den nye løysinga gjer at du kan søkja heimanfrå heile døgnet på pc, mobil eller nettbrett.

For å søkja sosialhjelp digitalt, må du logga deg inn på «Ditt NAV» på nav.no med BankID eller andre tryggingssløysingar som Buypass eller Comfides.

Treng du hjelp?

Treng du hjelp til utfyllinga, kan du ringja NAV Kontaktsenter på 55 55 33 33 og få rettleiing over telefon.

Du kan også få hjelp på Nav-kontoret i opningstida. Viss du av ulike årsaker ikkje kan eller ønskjer å nytta deg av den digitale søknaden om sosialhjelp, kan du

framleis møta opp på Nav-kontoret eller bruka papirsøknad.

Meir informasjon

På menyen på nav.no under sosiale tenester og økonomisk sosialhjelp finn du meir informasjon.

Støttekontaktordninga

Støttekontaktar skal bidra til at barn og vaksne skal få ei meningsfull fritid, ut frå eigne behov, føresetnader og ønske.

Ordninga skal førebyggja isolasjon og einsemd, og fremma sosial deltaking. Støttekontaktordninga kan vera aktuelt for personar og familiar som har behov for dette på grunn av fysisk eller psykisk funksjonsnedsetjing, sosiale utfordringar, skade eller rusmiddelproblem.

Det gjeld personar som har problem med å komma seg ut på eiga hand, og har behov for hjelp til å meistra ulike arenaer og/eller fritidsaktivitetar.

I Eidfjord kommune er støttekontaktordninga for born og unge lagt til sosialtenesta ved NAV kontoret. For vaksne til pleie- og omsorgstenesta.

Tenesta kan også bli kalla fritidskontakt, kulturkontakt, eller treningskontakt. Tenesta er gratis.

Viss du vil søkja om ordninga, kan du ta kontakt med Nav Eidfjord på tlf. 90 07 59 43 eller Eidfjord Bygdaheim på tlf. 53 67 35 70

Rusfri ungdomsfeiring i Kinsarvik 16. mai

Etter kvart er det tradisjon at ungdom frå Eidfjord, Ulvik, Ullensvang og skulekrinsen Granvin deltek på rusfri feiring av 16. mai i Kinsarvik. Kommunane samarbeider om dette arrangementet som vert planlagt frå hausten i forvegen. Med eit tak på tal påmeldte på 500 personar er det mykje aktivitet og moro i Huseskogen denne kvelden.

Tekst: Bergljot Maria Veivåg Hauso

Arrangementet kom i gang som eit tiltak mot tradisjonen med alkoholdebut 16. mai i dei ulike kommunane. Det er etterkvart vorte veldig populært og det har ikkje vore ei problemstilling å halda det rusfritt. I Huseskogen ved skytebanen er det full fart frå me kjem til me skal heim att; Go

kart, paintball, grilling, bruskasseklating, zipline, bull ride og masse småaktivitetar som bungeerun, hoppeslott, tvekamp med meir. Heile arrangementet vert avslutta med konsert, i år med: Norwegian House Mafia, Lille Pablo og Capow x 2G.

I år var det 26 påmeldte frå Eidfjord, og heile 450 totalt innan fristen 8. mai. Føresette og andre stiller som vakter og sjåfør, me kan love at dette er den kjekaste dugnaden du er med på!



Ivrig konsertpublikum



Sumo: masse småaktivitetar



Bruskasseklating



Nesten 500 ungdomar samla i Kinsarvik

Eidfjord næringspris

Eidfjord kommune deler ut næringspris anna kvart år. Føremålet med næringsprisen skal vera ei belønning og inspirasjon til næringsutvikling. Prisen skal omfatta både initiativ, nyskaping og vidareutvikling i næringslivet og miljøet som gjev varige verdiar for lokalsamfunnet.

Prisen kan gjevast både til verksemder og einskildpersonar som har forretningsadressa i Eidfjord.

Næringsprisen er ei pengegåve på 100 000 kroner og desse skal brukast i verksemda. Juryen består av dagleg leiar i Destinasjon Eidfjord AS, leiar i Eidfjord næringslag og ordførar.

Følgjande kriteria skal vektleggjast:

- Miljøsatsing- og aktivitet/næringsutvikling som medfører positive ringverknader
- Verksemder som skil seg ut med særleg god servicehaldning ovanfor brukarane
- Nytenking i både eksisterande- og nye verksemder
- Verksemder som marknadsfører meir enn si eiga verksemd
- Verksemder med særleg ungdomssatsing
- Satsing som medfører marknadsføring/profilering av Eidfjord
- Andre kriteria: Kvalitet/likestilling/indre- og ytre miljø

Sitat frå ordførar ved utdelinga:

«Me har fleire svært gode kandidatar for årets pris, og det var godt grunngeve nomineringar på desse. Det me særskilt har lagt vekt på ved årets tildeling er marknadsføring og profilering utover kommunens grenser.

Årets mottakar har utvikla verksemda si i tråd med tida.

Mottakar av prisen har vore ein kjent og stødig aktør i sin bransje i fleire tiår.



Ordførar Anders Vatle overrekte næringsprisen til Bjørn Læg Reid

Han har gode kontaktar og respekt både blant kundar og myndigheiter.

Utøving av denne verksemda har bidrege til internasjonal merksemd både til regionen, Eidfjord og det arbeidet han gjer.

Han har bidrege til å løyse eit uttal problem langs riksveg 7.

Årets næringspris går til Bjørn Læg Reid. Gratulera!»

17. mai feiring i Eidfjord og Bu 2023



Toget i Eidfjord



Skyting med luftgevær på Bu



Flaggberar på Bu (Bjørn Olav Kaland)



Staseleg med eige service på Bu



Pil og bogeskyting på Bu



Hilde Anette Oksavik Bu held tale for dagen



Skyting med luftgevær på Bu



Ordfører og flaggberarar fremst i toget i Eidfjord



Bildet viser tydelig at barna våre har funnet fred og paradiset i Eidfjord. Etter krigens start, etter luftbombardementet fra Russland, etter den smertefulle reisen over grenser og land, opplevde barna våre mye stress. Barna smilte ikke og gråt hele tiden. Bildet er fra sommeren 2022.



Et høyt furutre over fjorden viser at til tross for vind og storm, er det mulig og nødvendig å overleve.

Frå flyktingtenesta

Me har kome langt inn i 2023 og det har no gått meir enn eit år siden dei første flyktingane frå Ukraina kom til bygde vår. Det begynte med sju stykk 10.mai og no er me oppe i 29 nye sambygdingar. Kommunen har signalisert at dei kan ta i mot opp mot 10 personar til, men den største utfordringa me støtar på er nok tilgang på bustad.

Tekst: Trude Varberg

Framover skal me uansett oppbemanne apparatet kring flyktingane. Åsne Kjerland er tilsett i ein 50% stilling som flyktingkoordinator i tillegg til Trude. Framover er det fleire som gjer seg ferdig med introduksjonsprogrammet og skal etter planen ut i fast arbeid. Dersom nokon kan tenkje seg å ansette dyktige, kjekke kollegaer kan de ta kontakt med



Etter de mørkeste nettene vil solen stå opp igjen!

Trude Varberg for spørsmål eller ta direkte kontakt med kandidatane.

Til denne utgåva av EidfjordNytt har Yana og Rita vald å skrive kvar sin tekst der dei delar nokre tankar om sin nye kvardag i Eidfjord.

Her kjem ein tekst av Yana:

«En dag, for ett år siden, etter skjebnens vilje, havnet vi i Norge. Den strålende byen Eidfjord tok oss, revne og triste ukrainere rett i sine armer.

Snille og gode mennesker var gjennomsyret av vår ulykke. Alle rakte ut sin hjelpende hånd til oss og varmet oss med sitt hjerte.

Tiden i Eidfjord var ikke forgjeves for oss. Den fantastiske skjønnheten i naturen omringet oss. Freden og roen trøstet oss. Vi gikk, så oss rundt og undret oss over



den absolutte skjønnheten i det barske nordlandet.

Russland, et land - en terrorist, et land - en morder, tvang oss til å forlate hjemmene våre, til å forlate våre slektninger. Det så ut til at det ville være umulig å overleve.

Takket være innsatsen fra det norske folk som omringet oss med sin omsorg, overlevde vi.



I Ukraina sier de at det er en stor lykke å se en regnbue. I Eidfjord ser vi ofte regnbuer. Baby Kira begynte å smile igjen. Den fantastiske skjønnheten i norsk natur gir fred og håp.

Når vi studerer på norskkursene, er vi i en vennlig atmosfære, og glemmer vanskeligheter.

Vi fikk muligheten til å prøve oss på arbeidsplassen, forstå hvordan og hvordan det vennlige norske folket lever.

Uansett hvordan våre skjebner blir, vil vi ukrainere alltid minnes med takknemlighet tiden i den strålende Eidfjorden. Vi fant venner her, og hvis vi lister opp alle, må vi skrive navnet på hver innbygger i Eidfjord.

Med alle slags problemer skynder vi oss til kommunen. Glede eller tristhet - de vil hjelpe oss og gi råd, vise vei til riktig avgjørelse.

Votter varmet hendene våre i den kalde vinteren, og dine snille hjerter varmet våre hjerter! Møter, turer, utflukter - hver og en av dere ga oss håp om det beste, klemte oss og blåste nytt liv i oss!

Takk alle sammen! Må Gud bevare deg!»

Her kjem teksten frå Rita:

«Det er ikke vanskelig å starte et nytt liv, det er vanskelig å forsone seg med det.»

Hei Eidfjord! Jeg er Margarita, men de fleste av dere kjenner meg nok som Rita. Jeg og familien min kom hit, til dette landet

og den nydelige bygda deres, for ett år siden nå. I begynnelsen var det mange forandringer og tilpasninger, ettersom vi kom fra en by med over en million innbyggere. Andre ukrainere kommer også fra større steder enn Eidfjord og jeg tror at det for oss alle er den første virkelige opplevelsen av å leve og bo ett sted som ikke bare er såpass lite, men også med fantastisk vakre og høye fjell, fjorden, skogen, fuglelivet og alt annet dere selvsagt kjenner til fra før.

«Det er vanskelig å begynne å leve igjen, spesielt når du ikke vet hva som venter.»

Dessverre var ikke omstendighetene rundt vår ankomst til Eidfjord av det hyggelige slaget. Livet vi hadde i Ukraina hadde alt fram til vi måtte forlate det. Her i Eidfjord har livet begynt helt på nytt, på alle fronter. Fra hvordan vi har det hjemme, til hvordan de forskjellige tingene i samfunnet fungerer, at man sier hei og hilser med alle dere som bor her. Vi har med oss en annen mentalitet, et annet syn på livet og en annen måte å leve på. Som deres nærhet og kjærlighet til naturen som er overalt rundt dere, er vi vant til at «naturen» er samlet i parker inne i byen. Der vi bruker minst en halvtime på å komme frem til barnehagen, jobb eller fritidsaktiviteter kan man rekke «alt» i Eidfjord på den samme tiden. Det var en ting å

komme hit og bo her. Det er noe annet å begynne å leve her. Vi vet ikke hvordan livet er her, eller hjemme i Ukraina, om 2 år. Eller 5 år. Hvordan skal vi planlegge for fremtiden når vi ikke vet hvor og når den er? Det er en skremmende tanke, som vi lever med hver dag. Vi prøver å håndtere det på best mulig måte. Og vi prøver å leve, ikke bare bo.

Et moment som er ekstra vanskelig er språket – det norske språket – det norske språket som for sikkerhets skyld er delt opp i to, nynorsk og bokmål. For ikke å snakke om dialektene som ikke nødvendigvis har noe med noen av dem å gjøre. Dette har overrasket meg! Vi har selvsagt en del dialekter i Ukraina også, men innimellom virker det som en umulig oppgave å lære norsk. Likevel så prøver vi og til slutt lærer vi kanskje nok til å si at vi snakker norsk!

Det er selvsagt lettere for barna å lære seg det nye språket. Jeg tror at datteren min forstår hva du sier når du snakker. Jeg er så stolt over hun og det hun har oppnådd mens vi har vært her. De ansatte i barnehagen har vært fantastiske som hver dag har hjulpet hun å tilpasse seg til den nye hverdagen – vi er så takknemlige for det!

Forresten, her er noen interessante momenter i vårt språk:

- Ni = Nei
- Tak = Ja
- Tarilka = Tallerken
- Velmi = Veldig
- Sukor = Sukker

«Tradisjoner og høytider som ansiktet til folket.»

Jeg liker veldig godt tradisjonen dere i Norge har for å feire helligdagene deres. Alt fra 17.mai til påske og jul. Folk er helt oppslukt i atmosfæren som ligger i gatene, husvindue, butikkene og overalt. Det er julepynt overalt og folk tar på seg morsomme julegensere. Er det påske så forsvinner dere alle sammen – rett til fjells!

Vi har våre feiringer også, selvsagt på vårt vis. Påske for eksempel, har et mye mer



Bilde av en spesial kake som min mor lagde dette året til påske i Kharkiv, Ukraina (Rita)

religiøst preg i Ukraina enn i Norge. For de troende er det den viktigste høytiden i året. Tradisjonelt blir det bakt smakfulle kaker og så maler vi egg. Det blir sagt at den varme våren alltid kommer etter påske, men det har vi lært at ikke nødvendigvis er sant for Eidfjord. Julen er også annerledes i Ukraina. Nyttårsaften er

viktigere og den store feiringen er derfor 31. desember.

Det er flott å se på 17. mai i Norge at dere feirer med flagg overalt og menneskene som pynter seg i bunader og finklær. Dere er så fantastisk flotte i bunadene!

Fakta om Ukraina

- Ukraina er det største landet i Europa. Området er 603 548 km², som er 5,7% av Europas territorium og 0,44% av verden.
- Ukraina hadde et fly, med den største bærekapasiteten i verden, An-225 «Mriya» (det ble i 2022 bombet av Russland)
- Ukraina har den dypeste metrostasjonen i verden som ligger i Kiev «Arsenalna» 105,5 m
- Ukraina er på fjerdeplass i verden når det gjelder antall borgere med høyere utdanning.
- Ukrainas flagg er Blå-Gul, som betyr himmelen og åkrene med hvete, som er svært mange av i Ukraina.

- Ukrainas nasjonalklær består ofte av skjorter, broderte kranser, kranser på hodet til jenter, skjørt og bukser. Hvert kostyme skilte seg fra andre avhengig av regionen i landet.

Hvis man ser på dette er det lett å finne forskjeller mellom oss, men også likheter. Uansett om det er på den ene eller andre måten, så betyr det lite. Vi bor på den samme planeten og vi må være vennlige, åpne og snille med hverandre. Vi trenger å hjelpe hverandre og høre på hverandre. For å være ondskapsfull og gjøre fæle ting trenger man ikke tenke mye. For å være snill og gjøre gode ting bør man både tenke seg om og ha godhet i hjertet. Jeg vet at Norge og dere som bor her har masse godhet i hjertet og mye omtanke i dere.

Tusen takk for all hjelpen dere har gitt oss og enda gir oss i vår fryktelig vanskelige tid. Ingen av oss kommer noen gang til å glemme dette.

Lykke kan bli funnet til og med i de mørkeste rom, hvis man bare husker å slå på lyset.



Mitt første fullstendige bilde fra bygda (Rita).




Elevane i 2. klasse: Theodor, Ella, Oddmund, Olav Emiil, Jenny, Lars, Anna, Oliver, Linnea og Charlotte (sistnemnde er ikkje med på bilete).

Robotar og piggsvin

Tekst og foto: Trude Brekke

2. klasse har vore på sløyden og laga artige robotar og piggsvin. Elevane jobba veldig godt, og me laga ei lita utstilling i gangen av dei ferdige produkta. Til slutt har alle skrive litt om figuren sin, kva den heiter og kva det kan gjera.



Læg Reid skule – minneord i kyrkja

Det var med stor sorg me fekk beskjed om at Anne var gått bort den 8.mars

Vår kjære rektor Anne var ei omtensksom og engasjert dame. Ho flytta til Eidfjord og byrja på Læg Reid skule i 1996. For nokon av oss har ho vore ein god kollega og ven i snart 27 år, og for dei nyaste i den flotte gjengen vår - under eitt år. Uansett, er Anne ei dame som etterlet seg spor hos kvar og ein, med sine gode kommentarar og smittande latter.

På desse 27 åra har Anne vore kontaktlærer, rådgjevar, assisterande rektor og dei siste 9 åra, rektor og einingsleiar. Den siste store hatten ho tok på seg, var å vere ekstern vurderar i kompetanseregionen, ein jobb ho ivra mykje for.

Anne var ei dame med ein utruleg arbeidskapasitet. Ho hadde eit brennande engasjement for skule-utvikling og elevar sitt ve og vel, og hadde ein finger med i dei fleste saker både lokalt og i regionen.

Anne var ein rektor med open dør. For oss kollegaer var det alltid rom for ein prat, anten det var bekymring for elevar, faglege utfordringar eller ein trengte nokon å snakke med.

Når det gjeld elevane, var ho alltid glad for å høyre kor det gjekk med dei, og døra var



Foto: Sigrid Seim – Avis Hordaland

open om nokon hadde behov for ein prat. Eg trur faktisk den siste elevsamtalen ho hadde var nede på guttedoen. Ho hadde ei utruleg evne til å få elevane i tale, og var den trygge og gode vaksne vi alle strebar etter å vere.

Både som rektor og einingsleiar etterlet ho seg mykje godt påbegynt arbeid, og har

sådd frø til spennande prosjekt og utvikling framover. Vi skulle så gjerne hatt deg ved roret vidare Anne, og sett korleis du med stødig hand også fekk dette på plass.

Du etterlet deg eit stort tomrom på Læg Reid skule, og du vil verte sårt sakna av både store og små.

Vi lyser fred over minnet.





Frå Hardanger ungdomsting i Øystese.

Eidfjord ungdomsråd 2023

Det vart valgt inn nye medlemmer i Eidfjord ungdomsråd i desember 2022. Rådet vart konstituert i kommunestyret 6. februar 2023.

Tekst og bilete: Bergljot Maria Veivåg Hauso

Ungdomsrådet er no sett saman slik:

Verv	Namn	Funksjonstid
Leiar	Are Dalseid	2022 + 2023 (2 år)
Nestleiar	Martinius Næss Soleim	2023 + 2024 (2 år)
Medlem	Torje Stakseng Ukvitne	2022 + 2023 (2 år)
Medlem	Ingeborg Vik	2023 + 2024 (2 år)
Medlem	Una Herland	2023 – 2024 (2 år)
Vara	Lisa Limstrand	2023

I januar deltok me på Hardanger ungdomsting sin opplæringskonferanse i Øystese der alle ungdomsråda frå Hardanger og Voss var samla og fekk opplæring i det å vera i eit ungdomsråd. Det var ein kjekk dag der me fekk bli kjendt

med andre ungdommar frå regionen. Leiar og nestleiar er også med i Hardanger ungdomsråd som møtest månadleg.

Ungdomsrådet er styret til fritidsklubben og har vore med å planleggja og utføra

oppussing av ungdomshuset som skal bli ny fritidsklubb. Her er det også mange fleire ungdommar enn berre ungdomsrådet som har vore med. Me gleder oss til å starta opp att til hausten i nytt hus!

Evjo Aktivitetssenter

Evjo Aktivitetssenter vart stifta i 2015, etter det som før var Fritidsverkstaden.

Tekst: Sissel Bjøtvei | Bilete: Steinar Elvebakk

Me held til i det gamle NVE-bygget på Læg Reid. Adressa er Elvevegen 11. Huset har inngang for rullestolbrukarar frå huset si bakside.

Aktivitetssenteret er eit tilbod for alle innbyggjarane.

Aktivitetssenteret inneheld ulike handarbeidstilbod, som veving, syng, m.m.

I tillegg er det rom for aktivitetar som ulike spel, bingo, m.m.

Det er og ein verkstad der ein t.d. kan laga ulike ting i tre.

Utforminga av lokalet er slik at ein lett kan oppleve stunda si der som sosial. Praten går lett. Kl. 11.30 tek me fram matpakken med ein kopp kaffi eller te til.

Ein må ikkje driva med nokon form for handarbeid for å vera her.

Måndag, onsdag og torsdag er det opent kl. 10.00 til 14.00. Torsdagar er det opent frå kl 18.00-20.00. I desse opningstidene er der ein person som opnar opp lokalet, og t.d. koker kaffi.

Annakvar onsdag lagar Berit god lunsj til medlemene. Ho serverer både varm og



Onsdagslunsj 20. april 2023.

kald mat. Lunsjen kostar kr. 50,-. Den smakar alltid godt.

Husflidslaget har ulike kurs i periodar.

Husflidslaget, Quiltelaget, Herreklubben er brukarar av lokala.

Me som brukar Aktivitetssenteret i dag, tar gladleg imot forslag til utvida innhald. Har de idear, møt opp og slepp ideane laus.

Aktivitetssenteret er stengt frå 10. juni til byrjinga av august.

Styret er for tida Reidar Gjøtterud (leiar) Hans Hellevang, Berit Vivelid Hereid, Steinar Elvebakk og Sissel Bjøtvei.

Velkomne til Evjo Aktivitetssenter, som medlem eller ikkje medlem.

Fakturering kommunale eigedomsavgifter

Eidfjord kommune har endra faktureringsintervall på kommunale eigedomsavgifter frå 2 til 4 gonger i året. Det vert sendt ut faktura i februar, mai, august og november. Dette gjeld, vatn, avløp og feiing. Dei som berre betaler

for feiing vil som tidlegare få faktura ein gong pr år.


Vil du unngå at rekninga kjem på papir? Då må du aktivere «eFaktura frå alle» i nettbanken. Med eFaktura får du

rekninga direkte i nettbanken. Du må godkjenne rekninga før den vert betalt. Faktura vert lagra elektronisk og du får oversikt over både betalte og ubetalte rekningar.

Strikkeglede

I år igjen er det komen fantastiske strikkekle til trea ved inngangsporten til sentrum. Det er strikkeglede både for fastbuande og tilreisande! I år er det 17 tre som har fått nye kle for sekstande året på rad. Fjorårets strikketre vart sitteunderlag i dagsturhytta som vil koma vel med! Eidfjord kommune set stor pris på den jobben som vert gjort kvart år og takkar for gáva til dagsturhytta!

Foto: Bergljot Maria Veivåg Hauso



Nytilsetjingar i kommunen sidan 1. januar 2023

Rådmann og stab

- Magnus Steigedal er tilsett som ny rådmann frå 1.1.2023

Drift og Forvaltning

- Jan Arne Pedersen, sesongarbeidar Drift, 100 % mellombels stilling frå 1 april til 30 september
- Marcin Adamski, reinhaldar 50 % i perioden 6 mars -30 juni, 80 % i perioden 1 juli – 30 september. Mellombels stilling
- Balan Hereid, reinhaldar 80 % fast stilling. Frå 28 februar
- Ayat Saleem AL-Gebenawy, 100 % fast stilling som jurist frå 1. juni.

Helse og omsorg

Aktivitetsavdelinga

- Kjellaug Enge er tilsett som leiande aktivitetør i 80% fast stilling. Ho overtek jobben etter Grethe Maurseth som gjekk av med pensjon i ein alder av 70 år
- Therese Bøe er tilsett som aktivitetør i 80% fast stilling
- Bodil Iren Hallanger – sjukepleiar 100% stilling - svangerskapsvikariat

Helseavdelinga

- Regine Vågenes Ulvund er tilsett som kommunelege II (fastlege) i 100% fast stilling
- Cristian M Popescu er vikarlege ut september
- Åsne Kjerland er tilsett som ekstra flyktningkonsulent i 50%
- Anja Helene Bergo er tilsett som prosjektleiar betre tverrfagleg innsats for barn og unge – 60%
- Marie Tveit, 100% fast stilling som sjukepleiar ved Eidfjord legekantor frå august månad 2023

Kultur, næring og berekraft

- Kari Læg Reid er tilsett som 100 % førebyggjingskoordinator innafor rus, folkehelse og førebyggjande barne og ungdomsarbeid fra august

Læg Reid skule

- Anne Underdal er tilsett som ny rektor frå 1. august.
- Tone Læg Reid Garen, 100% fast stilling som fagarbeidar på Læg Reid skule og SFO fom 01.08.2023
- Sakina Elise Sæther, 80 % fast stilling som fagarbeidar på Læg Reid skule og SFO fom 01.08.2023
- Margrete Medhus, 60 % fast stilling som assistent på Læg Reid skule og SFO fom 01.08.2023
- Kari Tveit Hovland, auka fast stilling frå 80% til 90% miljøarbeidar ved Læg Reid skule og SFO fom 01.08.2023
- Svanhild Farestveit: auka frå 89% skuleassistent til 100% fagarbeidar frå 1.8.23

Modnen barnehage

- Irene Erikstad, 80% assistent, engasjement på Blåbær
- Gjøa Mo, 80% assistent, engasjement på Blåbær
- Emily Hus, 100% assistent, engasjement på Blåbær
- Marthe Fond, 100% assistent, engasjement på Molte
- Ida Vivali, 60% fagarbeidar, engasjement på Tyttebær
- Owen Smith, inntil 100% assistent, vikar på alle avdelingar

Kommunalt utdanningsstipend til elevar i Eidfjord kommune

Er du ferdig med ungdomsskolen og skal på vidaregåande skule kan du søkja stipend frå Eidfjord kommune. Stipendet er på kr. 1000,- pr. månad i skuleåret. Du kan få stipend inntil 4 år. Kravet er at du bur heime i Eidfjord og dagpendler til skulen din.

Reglane finn du på heimesida til Eidfjord kommune.

Søknadsfrist: 1. september for årsstudie og 1. januar for halvårlege studie.

Opningstider i sommar på kommunehuset

Kommunehus – administrasjon ope 10-14 i veke 28-31

Biblioteket skal vera ope som vanleg i juli

NAV Eidfjord held stengt i veke 30 og 31

Legkontoret har vanleg opningstid

Farge og funksjon – oppussing i tredje etasje

Den siste månaden har garderoben på kulturavdelinga fått ein liten make-over. To vegger har fått seg ein fin og varm gulfarge mens dei to andre er tapetsert med ark frå kasserte bøker som viser bredden av litteraturen som biblioteket kan tilby.

Tekst og foto: Timo Knoch

Sjølvetent utlån

Men oppussinga skjedde ikkje berre for at det skal sjå finare ut. Garderoben har òg fått ein sjølvetent utlånsstasjon. Den gjer det mogleg å låna bøker utanom opningstida. Biblioteket vil framleis ha ti timar med personal til stades som før, men det vil i tillegg vera tilgjengeleg for alle i heile opningstida til kommunehuset.

Du treng ikkje å låna ei bok når du kjem til biblioteket; du kan òg berre setja deg

ned med ein kopp kaffi, lesa ei avis eller tidskrift eller berre nyta utsikten over sentrum. Men for å kunne nytta utlånsstasjonen må ein ha eit fysisk lånekort. Dette kan vera ein god anledning til å få deg eit Nasjonalt lånekort som kan brukast i alle bibliotek i heile Noreg, samstundes som det gjev tilgang til digitale tenester som bookbites (lån av e-(lyd)bøker), flipp.no (blader og tidskrifter), Pressreader (aviser og tidskrifter) og filmbib.no (streaming av nordiske (kort)filmer).

Ta kontakt med biblioteket viss du ikkje har eit lånekort eller vil ha meir info om biblioteket sine digitale tenester.



Gjenbruk - tapetsert med kasserte bøker



Nymalt på biblioteket



Snart klart for Sommarles.no!

Snart er det klart for den digitale lesekampanjen Sommarles.no. Frå 1. juni kan alle 1. - 7.klassingar i Eidfjord vera med på Noregs kulaste lesekampanje, saman med barn frå heile Noreg. Sommarles.no har vore ein stor suksess gjennom fleire år, og i fjor deltok over 164 000 barn. Målet med kampanjen er å motivera barna til å lese så mykje dei berre orkar i løpet av ein lang sommarferie.

Sommarles.no gjer det gøy å lese!

- Sommarles er ein digital lesekampanje på nettsida www.sommarles.no. Barna lagar seg ein profil, registrerer alt dei les i kampanjeperioden og får XP (poeng) for kvar side dei les.
- Sommarles.no er for barn i 1. - 7. klasse og varer fra 1. juni til 31. august.
- Barna får tilgang til ei spesialskriven forteljing av forfattar Mari Moen Holsve.
- I tillegg til XP, kan barna også gjera seg fortente til digitale trofé og kule premiar som kan hentast på biblioteket!



Myklatun Transport A/S

- Massetransport
- Boring
- Kranarbeid
- Salg av ved
- Graving
- Sprenging
- Stykkgodstransport

Kontakt: 90 14 51 75 | 90 10 65 65 | post@myklatuntransport.no

Eidfjord Turlag

Føremålet med danninga av Eidfjord Turlag var å etablere ein arena for opplevingar i lag. Me ynskjer å treffe ung og gamal, bidra med lågterskel tilbod, og nokre meir utfordrande eventyr. For månadane framover har me mellom anna dette på tapetet:

Tekst: Anne Kommedal

Tirsdagstur i oddetalsveker

Tysdagar i oddetalsveker er fast turdag. Me starta forsiktig med ein fast tur rundt Hereid. Me har no løfta blikket og sett til nye stader i området. Me har mellom anna gått turar i Øvre Eidfjord, Erdal og på Bu. Desse turane skal vera korte og enkle, som skal passa inn i ein travel kvardag. Me ynskjer å trekka til oss både store og små på desse turane. Oppmøtestad varierer,

men fast tidspunkt er kl. 18. Turen og tempo vert justert etter deltakarane.

Fjordplask på søndag

Eidfjøringar er fjellfolk, men me forsøker å trekka dei mot sjøen òg. Kvar søndag kl. 11 badar Turlaget på Kråkeskarvet. Me kan garantera godt lag, mykje latter og ein super følelse i etterkant. Kast deg med å prøv – det er ekstra godt dei dagane sola skin frå klar himmel!!

Spontanturar – kvar tek me vegen?

Me legg ikkje skjul på at me alle blir tekne av tidsklemma, me har forpliktingar her og der. Dette kombinert med eit skiftande vær, gjer at alle turar ikkje kan verta planlagt lang tid på førehand. Me kjem i løpet av sommar og hausten til å arrangera spontanturar i området som passer vær og dag. Me er takksame for tips til turar og opplevingar frå sambygdingar.

Tur på Hardangervidda – Sandhaug og Besso

Frå 14. til 16. juli peika pila mot Hardangervidda med hyttetur til Sandhaug og Besso. Me går frå Tinnhølen fredag kl. 10 og tuslar dei 14 km/4t mot Sandhaug. Me møter Svein Arne og Oda med gjengen på Sandhaug, og nyt god middag og ei natt søvn. Dagen etter smør me nista og vandrar vidare mot Besso, 6 km/2t. Her møter me Jan og gjengen. Her har me dagen å nytta, før me til kvelden nyt middag og overnatting. Når søndagen kjem, tek me turen attende til Tinnhølen, 20km/ 7t. Me vonar vera attende på Tinnhølen rundt kl. 17.

Me vonar Eidfjøringar vil vera me oss på tur. Aldersgrensa for turen er 16 år, 14 år i følge med føresette.

Påmelding? Sjå Eidfjord Turlag sine heimesider: www.eidfjord.dnt.no

Tur i Hjølmødalen – Hedlo og Hadlaskard

Frå 18. til 20. august ser me til Hardangervidda vest. Det vert hyttetur til Hedlo og Hadlaskard. Turen har sitt utgangspunkt frå Hjølmoberget. Me går frå parkeringa fredag kl. 10 og går mot



Turledere Eidfjord turlag. Foto: Linn Kristin Eidsvik (DNT).



Kråkeskarvet. Foto: Anne Kommedal.

Hedlo turisthytta, 8km/3.5t. Me går over Såtefjell og har utsikt over Veigdalen, Viveli og elvane Vivo og Veig. Terrenget er noko kupert, og byr på stigning i starten. Ved Hedlo turisthytte et me middag



Busnes. Foto: Anne Kommedal.

og overnatta. Lørdagen går me mot Hadlaskard på nye 8km/3t. Me går i høgda mot Rjoto og Hallaskarhalsen med god oversikt. Turisthytta på Hadlaskard er sjølvbetent, så her kokkelerer me saman og nyt dagen. Søndagen byr på retur via Hedlo og Viveli på rundt 16km/6t. Me vonar vera attende på Hjølmoberget rundt kl. 16.

Me vonar Eidfjoringar vil vera me oss på tur. Aldersgrensa for turen er 16 år, 14 år i følge med føresette. Påmelding? Sjå Eidfjord Turlag sine heimesider: www.eidfjord.dnt.no

Lyst å engasjere deg som turleiar i Eidfjord Turlag? Me dekkar kursing til grunnleggande turleiar, sommerturleiar og vinterturleiar.



Turledere Anne og Jonas.
Foto: Linn Kristin Eidsvik (DNT).



Kommune- og fylkestingsvalet 2023

Måndag 11. september 2023 er det kommune- og fylkestingsval. Førebuingsarbeidet er godt i gang.

Eidfjord valstyre har 26.04.23 godkjent fylgjande fire lister til kommunevalet 2023:

- Arbeidarpartiet
- Høgre
- Senterpartiet
- SV – Sosialistisk Venstreparti

Oversyn over partilistene og kandidatane:

Arbeidarpartiet			Høgre		
Nr	Kandidatnamn	Fødselsår	Nr	Kandidatnamn	Fødselsår
01	Timo Knoch	1977	01	Anne Lise Bleie	1965
02	Oda Medhus	2003	02	Aslak Martin Lægreid	1948
03	Arild Riber	1978	03	Ranveig Mork Garen	1961
04	Kjersti Næsheim	1969	04	Atle Myklaton	1969
05	Frode Eriksen	1978	05	Jan Arne Bu	1957
06	Bente Stakseng	1962	06	Aslak H. Myrvang	1958
07	Stig Opheim Lygre	1982	07	Kai Arne Sæbø	1987
08	Vidar Riber	1958	08	Tommy Garen	1987
09	Tommy Eriksen	1971	09	Trygve Sæbø	1959
10	Bjarte Andre Eriksen	1975	10	Kjell Ove Tveit	1958
11	Johanna Håbrekke	1943	11	Einar C. Nagell-Erichsen	1958
12	Svein Hop	1939	12	Lillian Lægreid	1965
13	Audun Riber	1990	13	Liv Synnøva Sæbø Myrvang	1962
14	Siv Jung Hereid	1973	14	Nils Garen	1962
15	Hans Hellevang	1949	15	Bjørn Lægreid	1966
16	Asle Øydvin	1965	16	Leif Rune Maurseth	1958
17	Asbjørn Riber	1982	17	Anne Myklaton	1959
18	Björg Helene Hop	1939	18	Steinar Garen	1961
19	Kari Tveit Hovland	1964	19	Ørjan Herland	1998
20	Johanna Maria Nesheim	1945	20	Magnar Røise	1966
			21	Dag Olav Liseth Frette	1992
			22	Møyfrid Solbakken	1964
			23	Sigmund Sæbø	1950



Kven vert dei nye styrande i Eidfjord kommune frå hausten av?

Senterpartiet			SV – Sosialistisk Venstreparti		
Nr	Kandidatnamn	Fødselsår	Nr	Kandidatnamn	Fødselsår
01	Kari Lægreid	1990	01	Anett Vivali	1978
02	Lars Kristian Eidnes	1952	02	Grete Næss	1979
03	Solveig Liseth Vik	1988	03	Bjørn Kåre Engseth	1971
04	Bernt Hagtor Augestad	1972	04	Jennifer Ariella Solberg	1979
05	Tone Lægreid Garen	1987	05	Trygve Solberg	1981
06	Håvard Berge Sæbø	1999	06	Ida Vivali	1991
07	Irene Gautestad Bu	1993	07	Håvar Opstad Sæbø	1989
08	Elsa Maria Garatun	1948	08	Emily Hus	1992
09	Svein Arne Tyssebotn	1985	09	Robin Sigfred Vivali	1991
10	Susann Hotle	1994	10	Petya Todorova Engseth	1981
11	Yngve Lægreid	1990	11	Lillian Høyvang Andreassen	1954
12	Tom Karsten Garen	1964	12	Sveinung Tveit	1973
13	Lars Runar Bu	1990			
14	Kristine Skjerven	1986			
15	Erling Ljone	1964			
16	Helge Halvdan Stavaness	1971			
17	Harald Myklatun	1962			
18	Geir Olmod Sæbø	1966			
19	Oddbjørn Sæbø	1993			
20	Leiv Henry Sæbø	1951			
21	Marie Tveit	1983			
22	Liv Myklatun	1946			
23	Anders Vatle	1982			



Ordførarkandidatane

Redaksjonen har spurt ordførarkandidatane om dei ville presentera seg i Eidfjordnytt med eit bilete, og ein liten tekst om kva dei er opptekne av i kvardagen og det politiske liv slik at alle veit kven dei er. Dei har alle vore positive til dette og kome med fylgjande presentasjon av seg.

Anett Viveli

44 år, ordførarkandidat for Eidfjord SV

Eg er utdanna barnehagelærer, og til hausten starter eg opp med vidareutdanning innan spesial pedagogikk.

Eg er opptatt av at Eidfjord skal vera ein trygg, god og attraktiv plass å bu i for alle innbyggjarane våre. Framtida vår er borna og ungdomen, det er difor viktig å skapa gode og trygge oppvekstvilkår. Fokus på kvalitet i tenestene som barnehage og skule er difor viktig, samt gode tilbod på fritida. Ein god barndom varar heile livet.

Eg ynskjer og å jobbe for å etablere eit omsorgssenter for born, unge og vaksne,

som kan t.d bestå av avlasting, kortidsopphald, langtidsopphald og rehabilitering. Det er i dag stort behov for slike tilbod, og lange ventelister. Dette vil kunne skapa heilårsarbeidsplassar, noko bygda vår sårt treng.

Klima og miljø er og noko eg er opptatt av. Klimautfordringane vil i stadig større grad berøre oss på mange område. Me har som eigen kommune moglegheit til å gjennomføre gode tiltak for å påverke klima og miljøet i positiv retning. Me må og bevare naturen vår og ta vare på friluftsområda



våre. Fokuset må vera å skapa eit levande og klimavenleg lokalsamfunn, der det er lett å ta grønne vall!

Anne Lise Bleie

57 år, ordførarkandidat for Eidfjord Høgre

Mitt navn er Anne Lise Bleie og eg er Eidfjord Høgre sin ordførarkandidat. Eg er 57 år og bur saman med Halldor Læg Reid i Eidfjord.

Eg er oppvaksen i Kinsarvik, men flytta til Eidfjord hausten 1986. Det var her eg



starta i min fyrste jobb på kontoret til tidlegare Norsk Kranindustri AS.

Eg tok utdanning innan økonomi og rekneskap. Dette har vore mitt arbeidsfelt for det meste, i mitt vaksne liv. Sidan 2010 har eg jobba fulltid i Eidfjord Byggevarer AS, der eg er både drivar og medeigar.

På fritida liker eg å være aktiv med mine daglege trimturar. Noko av fritida går og med til organisasjonsarbeid, som til dømes Eidfjord Næringslag der eg er leiar.

Eg har vore politisk i Eidfjord sidan 2011, då som leiar i kontrollutvalet og vara til kommunestyret. Kommunestyrerepresentant og formannskapsmedlem 2015-2019. Frå 2019-2023

fast medlem av kommunestyret, og fyrste vara til formannskapet.

Nokon av mine hjertesaker er næringsutvikling, arbeidsplassar, samferdsel, bustadutvikling, og gode tenester til innbyggjarane.

Skal me oppretthalda innbyggartalet og helst auka det, treng me interessante arbeidsplassar og gode kommunikasjonar.

Eg ynskjer at me spelar på lag med både innbyggjarane og dei som skapar arbeidsplassar, samt legge til rette for at me kan tilby attraktive bustadtomter i heile kommunen.

Jobba for at miljøttunnelane på RV7 Hardangervidda vert realisert.

Kari Læg Reid

32 år, ordførarkandidat for Eidfjord Senterparti

Eg heiter Kari Læg Reid, er 32 år og er oppvaksen i Eidfjord. Etter å ha studert og jobba både på sør- og Austlandet i nokre år, var det dags å koma heim att til Eidfjord. Ilag med mannen min, Jonas overtok eg garden i Tråe i 2021. Her driv me i hovudsak med sau, i tillegg har me høns, hestar og hund. Eg synest det er fint at dei tre borna mine får veksa opp med god plass rundt seg, og med dyr på alle kantar.

Eg har jobba som lærar ved Voss ungdomsskule dei siste åtte åra. I august startar eg i ny jobb i Eidfjord kommune som førebyggingskoordinator. Det vert ein ny og spennande kvardag som eg ser veldig fram til.

Det går mykje tid med til alt som må gjerast av både stort og smått på garden.

Har eg ledige stunder trivst eg godt på hesteryggen, med turar til fjells eller treningsturar i nærrområde.

Eg vart vald inn i kommunestyret for Senterpartiet ved førre periode. I tillegg har eg vore fast medlem i kontrollutvalet desse fira åra. Det viktigaste for meg innan politikken er å kunne bidra til å gjera Eidfjord kommune til ein god og trygg plass å bu. Eg ynskjer å bidra til å auka busetnaden, samstundes meiner eg det er viktig at me har stort fokus på å ta vare på dei innbyggjarane me allereie har. Eg meiner gode opplevingar i oppveksten vil gjera dei neste generasjonane godt rusta for det dei vil møte i framtida. Med dette i tankane meiner eg me må ha tilrettelagde møteplassar for barn og ungdom, og



samstundes gjera det attraktivt for dei å flytta heim att til bygda.

Eg håper å få bidra til ei utvikling av Eidfjord kommune, og er me så heldige at Senterpartiet kjem i posisjon, er eg klar for å ta fatt på oppgåva som ordførar.

Timo Knoch

Ordførarkandidat for Eidfjord Arbeiderparti

Det er no 15 år sidan eg valde å busetja meg i Eidfjord og meir enn halvparten av desse åra har eg vore medlem i Eidfjord kommunestyret.

Eg har tidlegare hatt pedagogiske stillingar i både skule og barnehage i Eidfjord. Per i

dag er eg biblioteksjef og rådgjevar for klima og berekraft. For meg som politikar er kommunale tenester difor meir enn tal i eit budsjett eller ord i ei årsmelding; det er folka bak jobbane og innsatsen deira til å gjera livet til innbyggjarane våre tryggare og betre som er avgjerande.

God politikk handlar for meg først og fremst om å stilla dei riktige spørsmåla. Politikk skal ikkje gje forhasta og gjentakende svar på nye utfordringar i ei stadig endrande verd. Fleire heilårsarbeidsplassar og folketalsauke har vore og er klare og viktige målsetjingar og ein kan spørja seg kvifor Eidfjord med store satsingar i Sysendalen og på turisme det siste tiåret ikkje har klart å skapa ein meir positiv utvikling? Dette må me finna svar på!

Men korkje ein ordførar eller eit parti åleine vil klara å løfta eit heilt samfunn. Det må me gjera alle i lag; politikarane, kommuneadministrasjonen, næringslivet og innbyggjarane. Dette krev dialog, tillit og samarbeid.

Vil du vita meir om meg? Ring meg på 97 74 17 15 eller send ein e-post til timoknoch@hotmail.com. Eidfjord Arbeidarparti sitt program finn du under denne QR-koden:





Her røystar du på valgdagen

Tekst: Johanna Maria Hereid

Valkrins	Røystestad	Opningstid
Eidfjord	Kommunehuset	10.00–20.00

Her røystar du på valdagen 11. september 2023

Det er viktig å merka seg at vallokalet i Eidfjord stenger kl. 20.00 den 11. september.

Har du ikkje høve til å røysta på sjølve valdagen kan du røysta på førehand. (sjå avsnitt om førehandsrøysting)

Organisering valarbeid

Kommunestyret har valt formannskapet som valstyre. Anders Vatle er valt til leiar og Aslak Læg Reid til nestleiar.

Vidare har valstyret oppnemnt desse valmedarbeidarane til å ta imot førehandsrøyster og elles gje meir informasjon:

Johanna Maria Hereid (valansvarleg), Linda Ågotnes Kaland (valansvarleg) Monica Hereid, Heidi Herstad Prestegård, Inge Kuijf, Reidar Meel, Åshild Djønne, Britt Karin Langøy, Marta Lirhus, Knut Ingar Myklatun, Bente Elin Hereid og Bergljot Maria Veivåg.

Manntal

Manntalet i Eidfjord kjem til å verta lagt ut til offentleg ettersyn første halvdel av juli. Det kjem til å liggja i resepsjonen på kommunehuset. Me kjem til å offentleggjera dette gjennom lokalpressa og på heimesida og appen til kommunen.

Det er viktig å sjekka at du står i manntalet då dette er eit krav for å få røysta til kommunevalet. Mogelege krav om retting av feil, krav om å førast inn i- eller strykast

frå manntalet, må sendast skriftleg og skal stilast til: Valstyret i Eidfjord, Simadalsv. 1, 5783 Eidfjord, e-post: postmottak@eidfjord.kommune.no

Ta elles kontakt for spørsmål.

Førehandsrøysting og tider

Dersom du ikkje har høve til å røysta på valdagen, kan du røysta på førehand. Veljarar som ynskjer å førehandsrøysta, kan gjera dette f.o.m. torsdag 10. august t.o.m. fredag 8. september.

Valstyret i Eidfjord har vedteke at veljarar kan førehandsrøysta på kommunehuset, i kommunestyresalen i Eidfjord slik:

Perioden 10. august t.o.m. 08. september: På kvardagar mellom kl. 09.00 – 15.00

Torsdag 7. september: 09.00 – 18.00.

Laurdag 9. september: 10.00 – 14.00

Torsdag 7. september på Bygdaheimen med omsorgsbustadar: 10.00 – 14.00.

Legitimasjon

Dersom røystemottakar ikkje kjenner deg må du visa legitimasjon!

Me kjenner mange, men kanskje ikkje alle.

(Gyldig legitimasjon vil til dømes vera pass, sertifikat, bankkort og liknande.)

Ambulerande røysting/ heimerøysting

Eldre og andre som av ulike årsaker ikkje klarar å koma seg til røystelokala, kan ta kontakt for ambulerande røystegjeving, dvs at me kjem heim til deg for å ta imot røyster.

Ta kontakt med postmottak@eidfjord.kommune.no eller valansvarleg, Johanna Maria Hereid tlf. 95974532/53673500 og avtal tid innan onsdag 6. september.

Tidlegrøysting

Tidlegrøysting kan foregå i tida 3. juli t.o.m. 9. august. Dette er ei ordning som er meint for dei som ikkje har høve til å førehandsrøyste innanfor ordinær periode eller på valdagen. Det er likevel ikkje krav om at veljaren må dokumentere at han eller ho ikkje har høve til å førehandsrøyste eller til å røyste på valdagen. Ta kontakt med kommunen og be om å få røyste. Veljarane har høve til å røyste i kva som helst kommune i landet. Det er ikkje krav om at det må skje i den kommunen veljaren er manntalsført.

Viktige datoar

- Juli -manntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn så snart det er klart i byrjinga av juli.
- 3. juli – opnar for tidlegrøysting etter avtale med tenestetorget
- 10. august – opnar for førehandsrøysting



- 06. september – frist for å be om ambulerande heimerøysting
- 07. september – langope førehandsrøysting til kl. 18.00
- 07. september – førehandsrøysting bygdaheimen kl. 10-14
- 9. september: laurdagsope 10.00 – 14.00
- 11. september – valdag - vallokalet i Eidfjord kommunestyresal er denne dagen ope kl. 10.00 - 20.00.

Viktig å hugsa på

Ved å røysta på eit parti, gjev du røysta di til dette partiet.

Me minner om at:

- Du kan gje ein eller fleire kandidatar ei personrøyst ved å setja eit merke (x) ved namnet *
- Du kan overføre inntil 5 kandidatar frå ei liste til ei anna.
- Du kan ikkje stryka kandidatar på ei liste.

*Dette aukar ein kandidat sin sjanse til å verta vald inn i kommunestyret. Ved å kryssa ved namnet til vedkomande, vil denne kandidaten få 1 personrøyst ekstra. Det er den kandidaten med det høgaste personlege røystetalet som vil verta vald inn som nr. 1, 2 og 3 osv. Partiet kan sjølv gje stemmetillegg til nokre av kandidatane sine, også omtalt som kumulerte kandidatar (max 4 i Eidfjord)

Er du spent på valresultatet?

Me tel opp røyster i fleire omgangar, og me tek kontrollteljingar jfr. vallova §10.4. Først tel me førehandsrøyster, så valtingsrøyster og til slutt seint innkomne røyster som er frist tysdag 12. september. Kandidatane som vert valt inn i kommunestyret vil difor kanskje ikkje vera heilt klart før onsdag 13. september, men ein vil likevel få ein god «peikepinn» allereie valkvelden.

Me vil fortløpande rapportere inn oppteljingar til valgresultat.no slik at det vil vera den beste plassen både for presse og andre å sjekke for eit tidleg resultat.

Me er også spent, og gleder oss til valarbeidet og vidare samarbeid med både «gamle» og «nye» politikarar.

Godt val!

Hardangervettreglane

Velkommen til Hardanger, friluftsparadiset i Noreg. Vis hensyn ved å følge desse enkle anbefalingane. Slik bidreg du til at besøket ditt ikkje minskar opplevinga for fastbuande eller andre.

1. BRUK TILRETTELAGDE OMRÅDE FOR CAMPING

Tettbygde strøk, rasteplassar, parkar og parkeringsplassar er unnateke allemannsretten.

2. SET INGEN SPOR

Unngå å setje merke i naturen som vardar, teltringar og liknande. Lat dei som kjem etter deg, få ei like fin oppleving som deg.

3. FØLG STIEN, OG UNNGÅ AT NYE STIAR VERT DANNA

4. KAST AVFALLET I SØPPELBØTTA

Er du i eit område der dette ikkje finst, må du sjølv ta med avfallet til eigna mottak.

5. BRUK ETABLERTE TOALETT

Om dette ikkje er mogleg, grav eit hol i bakken. Unngå bruk av våtserviettar grunna lang nedbrytingstid.

6. RESPEKTER PRIVAT EIGEDOM

Det er ikkje tillate å telte i utmark nærare enn 150 meter frå bebudde hus eller hytter. Teltning på innmark er berre etter avtale med grunneigar.

7. VIS OMSYN I TRAFIKKEN

Vegane i Hardanger er smale, og det er mange brukarar. Hald god avstand ved forbikøyring av syklistar, og ver særleg merksam på syklistar i tunnelane.

8. BÅLFORBOD

I sommarhalvåret er det generelt forbod mot bålbrekking og bruk av open eld. Bruk etablerte bålplassar og forviss deg om at det ikkje er risiko for brann.

9. VIS RESPEKT FOR DYRE- OG FUGLELIV

Ikkje uro unødig. Hugs båndtvang for hundar.

10. I DI EIGA OG MILJØET SI INTERESSE, anbefalar me organiserte aktivitetar i regi av aktivitetsverksemdar. Du finn oversikt over desse på hardangerfjord.com

Velkommen tilbake!